

# Barnetråkk -Sagstad Skule



Takk til elevane ved Sagstad skule for flott innsats med Barnetråkk, og for gode innspel til aktivitetar i Meland kommune! Vi ynskjer å takke rektor og lærarane ved skulen som la godt til rette for, og tok seg tid til, at Barnetråkkregistreringane kunne gjennomførast som ein del av skuledagen.

## Bakgrunn

Sjølv om born og unge brukar nærmiljøet aktivt har dei ingen formell stemme i planprosessar, og dei er avhengige av at deira interesse vert teke i vare av vaksne. Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unges interesser i planlegginga er heimla i § 3-5 i plan- og bygningslova, og her oppfordrar det til auka medverknad frå born og unge i planprosessar.

I forbindelse med utarbeidning av områdeplanane for Dalstø - Mjåtvæitstø og Langelandskogen og deler av Frekhaug nord i Meland kommune har kommunen ønska å nytta Barnetråkk som metode for å sikre borns medverknad i planarbeida. Denne rapporten summerer barnetråkkregistreringane frå klasse 5A, 5B og 5C ved Sagstad skule i Meland kommune. Barnetråkket blei gjennomført i mai 2018.

Dei to store områdeplanane er lokalisert i skulekrinsområdet til Sagstad skule, og ein planla difor ei barnetråkkregistrering med elevar på denne skulen. Registreringa gjev elevane mogelegheit til å medverka til korleis nærområdet og kommunen kan verte utvikla i framtida.

Områdeplanane vil legge til rette for at fleire folk kan bu i Meland, og difor er det viktig å involvera borna og deira interesser. Born og unge er ei gruppe som bruker nærmiljøet sitt aktivt, og dei er sårbare om moglegheita til å drive aktivitet i nærlieken forsvinn. Vaksne veit ikkje om eller kjenner ikkje til, alle dei ynskjer og behov born har for aktivitet. Det har ved gjennomføring av barnetråkkregistreringa òg vore viktig å få vite kva aktivitetar borna ynskjer seg, som i dag ikkje finnast i Meland. Dei blei utfordra spesielt på og vera kreative, og spille inn idear til nye aktivitetar.

## Innhald

|   |    |
|---|----|
| <u>1.Om Barnetråkk</u>                    | 1  |
| <u>2.Organisering</u>                     | 1  |
| <u>3.Val av skule</u>                     | 2  |
| <u>4.Gjennomføring</u>                    | 2  |
| <u>5.Korleis er registringa bearbeida</u> | 2  |
| <u>6.Skuleveg</u>                         | 3  |
| <u>7.Aktivitet</u>                        | 4  |
| <u>8.Positivt</u>                         | 5  |
| <u>9.Negativt</u>                         | 7  |
| <u>10.Vil endra</u>                       | 9  |
| <u>11.Konlusjon og vegen vidare</u>       | 11 |

## 1. Om Barnetråkk

Barnetråkkregistreringa skal gi kunnskap om borns oppleving og bruk av sitt nærmiljø, identifisere kva stader born opplev som positive og negative, og kva dei ønsker å endra i sitt nærområde. Registreringa skal blant anna gje innspel til arbeidet med områdeplanane for *Dalstø - Mjåtveitstø og Langelandskogen og deler av Frekhaug nord*.

Resultatet av kartleggingane kan gje grunnlag for vurdering av moglege lokale forbetingstiltak, eller identifisera område det er viktig å utvikla eller bevare. I tillegg kan ein få innspel på aktivitetar ein kan utvikle spesielt for born i området.

Registreringa vil gje kommunen og plankonsulentar verdifull informasjon om korleis born og unge brukar områda, korleis dei opplev områda og kva ynskjer dei har for sitt nærmiljø. Informasjonen kan blant anna nyttas direkte inn i dei to områdeplanane som er under utarbeiding.

I tillegg vil informasjonen kunne nyttast inn i dei ulike plannivåa i kommunen, som kommuneplanar, andre områdeplanar og reguleringsplanar. Erfaring frå registreringa kan gje grunnlag for å endra og/eller utvikla nye aktivitetar for born og unge i Meland kommune.

Barnetråkket skal registrera elevane sin skuleveg, stader dei likar, aktivitetar og kva som bør endrast; problem, farar eller aktivitetar. Det er viktig å konkretisere for elevane kvifor dei er med på ein barnetråkkregistrering, og kva kommunen har tenkt å gjera med resultata i ettertid.

Sjølv den digitale registreringa er gjort på kort tid. Det blei i forkant av registreringa brukt tid i klassen, på å gå gjennom opplegget.

I den digitale registreringa nyttar ein seg av nettstaden [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no), og ein bruker FEIDE (Felles Elektronisk IDEntitet) til å logge på for lærar og elevar. Elevane skal registrere sjølv direkte på kartet. Sjølv registreringa med verktøyet på datamaskinen tok i underkant av ein klassetime, men ein må beregne noko tid til for- og etterarbeid.

I forarbeidet til registreringa må ein presentere kvifor og korleis barnetråkket skal gjennomførast for klassen, slik at elevane er forberedt på kva dei skal gjere.

I samarbeid med lærar er det anbefalt at ein i forkant hentar samtykke frå foreldre til å gjennomføre barnetråkket. Det blei innhenta samtykke frå foreldra som hadde born som deltok i registreringa ved Sagstad skule (sjå vedlegg 1 og vedlegg 2). Informasjonen som vert lagt inn blir anonymisert.

## 2. Organisering

Barnetråkkregistreringa og analysen er utført av Ard arealplan i samarbeid med Meland kommune. Med på registreringane var Aslaug Sæther og Anja Vik frå Ard arealplan, og Ingrid Raniseth frå Meland kommune. Klasseforstandar for kvar enkelt klasse var og med under sjølv registreringa og under presentasjonen i forkant.



### 3. Val av skule

Sagstad skule var eit naturleg val, fordi det er skulen som begge områdeplanane soknar til. Det blei gjennomført registreringar i alle tre 5.klassane på skulen. Sagstad skule har over 400 elevar frå 1. til 7. klasse, og er i luftline lokalisert om lag 500 meter nord for planområdet for Dalstø-Mjåtveitstø og i gangavstand 500 meter vest for planområdet for Langelandskogen og delar av Frekhaug nord.

### 4. Gjennomføring

Det blei gjennomført registreringar i tre 5. klassar i mai 2018. Tid og stad for registreringane var:

Måndag 23. mai 2018 etter lunsj: Sagstad skule, klasse 5B, ca 20 elevar

Onsdag 28. mai 2018 før lunsj: Sagstad skule, klasse 5C, ca 18 elevar

Onsdag 28. mai 2018 etter lunsj: Sagstad skule, klasse 5A, ca 20 elevar

Elevane var engasjert og bidrog med mykje kunnskap til barnetråkkregisteringa. Vi fortalte kven vi var, kvifor vi skulle registrera barnetråkk og vi øvde litt på kart i saman før sjølve registreringa.


I tillegg til sjølve registreringa snakka vi med elevane både kvar for seg, og ved å stille spørsmål i fellesskap til heile klassen. Elevane var aktive ved å rekke opp handa og ved å fortelja om sin skuleveg og kva dei skulle ønske seg av aktivitetar. Mange av elevane sa at dei ønska seg blant anna klatrepark, skatepark og badeland. I tillegg var det fleire som ønska seg taggevegg og trampoline. Nokon fortalte om stader som dei synast var skumle på grunn av trafikken.

### 5. Korleis er registreringane bearbeida?

Karta på dei neste sidene visar resultatet av elevane sine registreringar.

Først i registreringa skulle kvar elev teikna skulevegen sin, det vil seie ei line frå heimen sin til skulen, via den vegen dei går. Der fleire born går same veg vil fargen på lina bli sterkare. Lina er vist med raud farge på eit eige kart. Dette gjer det enklare å sjå kvar det går mange born og kvar det går få born.

Etter å ha gått gjennom alle registreringane og kommentarane har vi forenkla dataene ved å samle det som er i same kategori. Kvart punkt/registrering er gitt ein fargekode. I tillegg visar vi på karta nokon av kommentarane som er knytt til dei ulike registreringane. Slik har vi laga temakart som er enkle å forstå. Det betyr òg at ikkje alle enkeltregistreringane visast i karta.




## 6. Skuleveg

Elevane skulle teikna inn skulevegen sin som første oppgåve i Barnetråkk. Dei skulle teikna vegen dei går eller syklar til skulen, og stiar/snarvegar dersom dei brukar det. Elevar som kjem med buss eller bil har teikna inn vegen dei kører til skulen. Elevane kan teikne to skulevegar dersom dei bur på ulike stader. Resultata frå elevane på Sagstad skule er vist i kartet til høgre.

I planlegginga av nye område eller ved utvikling av eksisterande område er det viktig å kartlegga kva vegar borna brukar til og frå skulen. På den måten kan ein eksempelvis finne ut kvar det bør prioriterast tiltak for å trygge skulevegen.

Born som går eller syklar til skulen får trafikkerfaring, men og frisk luft og fysisk aktivitet som gjev ein god start på skuledagen. Planlegging som legg til rette for bevegelse er bra for folkehelsa. Vi veit at gode vanar dannast tidleg og difor er det viktig at ein legg til rette for at born kan gå eller sykle til skulen, i eit folkehelseperspektiv.

Kartet visar ein samla oversikt over skulevegen til elevane i 5. klasse på Sagstad skule. Der det visast sterkt raudt er vegen mykje brukt, og der det er vist tynn strek med svak raudt er vegen lite brukt.



### Teknforklaring

|             |
|-------------|
| Mykje brukt |
| Lite brukt  |

## 7. Aktivitet

I del to av Barnetråkk skal elevane registrera korleis dei bruker nærområdet sitt, og kva dei likar og ikkje likar. Dei registrerer i kategoriene «aktivitetar», «positivt» og «negativt».

Aktivitetane er summert opp i kartet til høgre og kommentert under. Aktivitetar er til dømes ballspel, møteplass, symjing, aking, sykling, leikeplass, shopping, skøyter og skateboard. Positivt er til dømes liker, fint sted, fin skog, fin bygning, fin utsikt og fin park. Negativt er til dømes mislikar, vil endre, støy, trafikk, mørkt, skumle folk, søppel og sint hund. På kartet har vi delt inn registreringa i sommaraktivitetar, sosiale aktivitetar og vinteraktivitetar. Ballspel, symjing, sykling, leikeplass og skateboard er registrert som sommaraktivitetar. Møteplass og shopping er registrert som sosiale aktivitetar. Aking, skøyter og ski er registrert som vinteraktivitetar.

Positivt og negativt er omtala under eige punkt på dei neste sidene. På denne siden omtalast registrerte aktivitetar. Bornas kommentarar til aktivitetar dei likar er vist på eit eige kart.


### Oppsummering aktivitetar (tal registreringar)

|   |
|---|
| Ballspill 75 - Møteplass 42 - Svømming 41 - Sykling 29 - Aking 27 - Leikeplass 27 - Shopping 19 - Skøyter 18 - Skateboard 4 - Ski 2 |
|---|

Ballspel er ein populær aktivitet. I nærleiken av skulen er det fotballbane og mange av elevane har registrert at dei driv med ballspel her. Fleire av elevane har registrert møteplassar som dei oppfattar som viktige. Av andre aktivitetar er symjing viktig i tillegg til sykling, aking og leikeplassar. Nokon har også registrert shopping, og då spesielt i område på Frekhaug senter. Skøyter har fleire registrert, og eit mindretal har registrert skateboard og skigåing.

I området nord for skulen, ved fotballbana har elevane blant anna kommentert at «det er det beste staden i Meland», at det er «ein av mine favorittstader å vera», og «her pleier eg å spela fotball og vera med vener».

Fleire har vist stader dei likar å bade, og på skulen har dei blant anna kommentert at «her er det gøy å vera og ein fin stad å leika, og på fritida».



### Teiknforklaring

- Yellow circle: Sommeraktivitetar (Summer activities)
- Red circle: Sosiale aktivitetar (Social activities)
- Blue circle: Vinteraktivitetar (Winter activities)


## 8. Positivt


I barnetråkkregistreringa har elevane markert område som dei synast er positive. Dei har blant anna kunne registrere ein fin park, ein fin bygning, ein fin stad, ein fin skog og fin utsikt, og «liker». Elevane kan skrive kommentarar og desse er summert opp på eit eige kart. Område som borna synes er positive blir i den vidare planlegginga i Meland viktig å ta vare på eller å forsterka. På kartet visast kvar elevane har registrert det dei synast er positivt.

### Oppsummering positivt (tal registreringar)

Liker 113 - Fin utsikt 53 - Fin skog 51 - Fin stad 47 - Fin bygning 37 - Fin park 13

Veldig mange av elevane har registrert fleire stader dei likar. I tillegg til stader som dei likar har mange elevar registrert stader dei meiner det er fin utsikt og der det er fin skog. Nokon har registrert kvar dei synast at det er ein fin park.





## 9. Negativt

I barnetråkkregistreringa kan ein registrera kvar der er skumle folk, mørkt, støy, trafikk, sint hund, søppel og tommel ned (noko ein mislikar). Her er det moglegheit til å skrive kommentar for å fortelje meir om kva som er negativt. Kva borna synast er negativt kan gje viktige innspel til kva som bør endrast i området.

Det kan vera vanskeleg å fange opp kva born ikkje likar i eit område, og då er barnetråkk eit godt verktøy. Negative ting, til dømes at det er mørkt kan føre til at born ikkje brukar område dei kunne hatt glede av, eller dei kan synast det er skummelt å bevege seg mellom aktivitetar. På kartet visast kvar elevane har registrert det dei synast er negativt, med nokre av elevane sine kommentarar.


### Oppsummering Negativt

Misliker 39 - Trafikk 35 - Støy 27 - Mørkt 23 - Søppel 23 - Skumle folk 17 -  
Sint hund 7

Elevane har markert på kartet fleire ting dei ønsker å endra. Kategorien «Vil endra» er omtala spesielt i eiga avsnitt på neste side.


Fleire av elevane har registrert stader dei mislikar. Det er også laga eit kart med elevane sine kommentarar til kva dei mislikar.

Elevane har registrert stader kvar dei ikkje synes at trafikktryggleiken er god nok. Nokon opplev stader som mørke. Fleire har registrert stader med søppel. Nokon opplev også stader kvar det er skumle folk. Nokre få har registrert sint hund.



### Teiknforklaring

- Sint hund
- Skumle folk
- Støy
- Trafikk
- Mørkt
- Misliker
- Søppel



## 10. Vil endra


«Vil endra» er ein eigen kategori elevane kan bruke når dei ønsker at noko skal endrast i deira nærmiljø. Det kan blant anna vera at noko er slitt og treng ein oppgradering, nye aktivitetar dei ynskjer seg eller ting dei vil forandre på. På kartet visast stadane elevane har registrert, med nokre av deira kommentarar.

### Oppsummering «vil endra»

Fortau, lyktestolper, skøytebane, skummelt vatn, skate- og sykkelrampe, gangfelt, badeland, større skule, større veg, slengdisser, leikeplass for eldre barn (med zipline), turnhall, innefotballbane, kino, trampoliner


Nokon av elevane har markert kvar dei kunne ønskje seg fortau, lyktestolpar og gangfelt.

Fleire har òg peikt på område der dei kunne ønskje seg sykkelrampe, skapepark og taggevegg, leikeplass for eldre born og klatrevegg.



### Teiknforklaring

● Vil endra



## 11. Konklusjon og vegen vidare

Elevane på Sagstad skule har gitt oss god oversikt over kva dei tenkjer om sitt nærområde, og gitt oss mange kreative og gode innspel til kva dei ønsker seg. Desse innspela skal brukast i vidare planlegging i Meland kommune, og spesielt i pågående planarbeid med områdeplanar. Elevane som deltok går i 5. klasse, dei hadde mange tankar om skulen, skuleområdet og om nærområdet sitt.

Når det gjeld arbeidet med områdeplanen for *Dalstø-Mjåtveitstø* og *områdeplanen for Langelandskogen* og deler av *Frekhaug nord* er det ikkje kome så mange konkrete innspel til akkurat desse areala, men i det vidare arbeidet er det naturleg å trekke inn dei generelle innspela frå elevane, spesielt med tanke på nye aktivitetar det kan planleggast for i Meland.



Bergen, 13.04.2018

## INFORMASJON TIL BARN OG FORELDRE VED SAGSTAD SKULE: **BARNETRÅKK VÅREN 2018**



I forbindelse med arbeida med to store områdeplanar i skulekrinsområdet til Sagstad skule, har ein planlagt ein barnetråkkregistrering med elevar på Sagstad skule.

Registreringa vil gje elevane mogelegheit til å medverka i korleis nærområdet og kommunen vert utvikla. Samstundes vil registreringa gje kommunen og plankonsulentar verdifull informasjon om korleis barn og unge brukar områda, korleis dei opplev områda og kva ynskjer dei har for sitt nærmiljø. Informasjonen kan nyttas direkte inn i dei to områdeplanane som er under utarbeiding. I tillegg vil informasjonen kunne nyttast inn i dei ulike plannivåa i kommunen, som kommuneplanar, andre områdeplanar og reguleringsplanar.



## Gjennomføring:


Ard arealplan vil gjennomføra barnetråkket med elevane, i samarbeid med Meland kommune og Sagstad skule. Barnetråkket vil bli gjennomført klassevis innandørs.

Opplegget vil bestå av:

1. Ein introduksjonsdel, der ein sett elevane inn i oppgåva  
Elevane vil få informasjon om bakgrunnen for registreringa, som er dei to planarbeida som er starta opp. Elevane vil også få informasjon om kva eit planarbeid går ut på. Vidare vil ein fortelle om metoden som heiter barnetråkk og korleis denne vert gjennomført. I fellesskap, eller i mindre grupper, vil ein sjå på kartet saman.
2. Ein digital del med registrering på kart på datamaskin  
Elevane vil sitta ein og ein på eiga datamaskin og registrera. Dei skal registrera skuleveg, stader dei likar og stadar dei ikkje likar, og kva aktivitetar dei gjer på dei ulike stadene. Registreringa vert gjort ved å streka opp liner i kart og sette inn ikonar. Dei kan og legge inn kommentarar. Registreringa er anonym.
3. Oppsummering  
Etter at elevane er ferdig med registreringa, vil kartet bli tilgjengeleg for lærar og planleggar. Man kan i fellesskap sjå på om det er stader som utpeikar seg som anten spesielt gode eller utsigge. I fellesskap med klassen kan ein diskutera dei viktigaste tankane og ideane til elevane, og plankonsulent kan notera seg ned punkt til ein kort rapport.

I etterkant av opplegget på Sagstad skule vil plankonsulent skriva ein kort rapport som samanfattar barnetråkket og dei viktigaste tankane og ideane til elevane. Denne rapporten vil bli sendt til skulen i etterkant, og vil bli vidareformidla til elevane.

Meir informasjon om metoden finnes på: [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no)



### Mogeleg førebuing heime:

Om ein har anledning kan ein i forkant av barnetråkkregistreringa prata med barna om korleis dei opplev skuleveg, nærområde, og andre stadar i og rundt Frekhaugområde. Under følg nokon spørsmål som ein ynskjer å stille barna i forbinding med barnetråkkregistreringa, og desse kan ein og diskutera heime.

- Kvar går eller syklar du til og frå skulen?
- Kva veier, stiar og snarvegar bruker du på fritida?
- Kva uteområde bruker du stadig og kva gjer du der?
- Kva er morosamt å gjere der du bor?
- Kva stader er keisame?
- Kva stader i nærmiljøet mitt er problematiske eller opplevast ubehageleg?
- Kva er skummelt?
- Finst det farlege stader i nærleiken?
- Kvar er din favorittstad – kva sted liker du best?
- Kva ønsker du deg i nærmiljøet ditt?
- Når du ikkje er heime: Kvar er du om sommaren/vinteren?
- Noko anna du tenker på som du ikkje allereie har vist /teikna eller skrevet?
- Beskriv din favorittstad der du bur med tre ord!

### Dersom du har spørsmål til plankonsulent, kan du ta kontakt med:

Aslaug Sæter  
Geograf – Arealplanleggar  
E-post: [as@ardarealplan.no](mailto:as@ardarealplan.no)  
Tlf.: 415 06 870

### Dersom du har spørsmål til kommunen, kan du ta kontakt med:

Ingrid Raniseth  
Konsulent private planar  
E-post: [ingrid.raniseth@meland.kommune.no](mailto:ingrid.raniseth@meland.kommune.no)  
Tlf.: 56 17 11 73

## Kort informasjon om dei to områdeplanane:

### Områdeplan med konsekvensutreiing for Langelandskogen og delar av Frekhaug nord

Varsel om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram på offentleg ettersyn var i desember 2017, med merknadsfrist i januar 2018. Planarbeidet vert utført som eit offentleg-privat samarbeid mellom Meland kommune og Vest-Land Eiendom AS. Multiconsult Norge AS er plankonsulent. Føremålet med planarbeidet og konsekvensutgreiing er å legge til rette for utvikling av Langelandskogen og delar av Frekhaug senter med service- og tenesteytande funksjonar, bustader, næring, og grøntstruktur. Langelandskogen, Lonena, Fossesjøen og Sagstad skal gjennom tilrettelegging i områdeplanen koplast saman og styrke området sin tettstadsidentitet. Områdeplanen skal legge til rette for fylgjande byggeformål: Ungdomskule/symjehall, omsorgsbustader, barnehage, bustader og næring/kontor. Kyrkje/kulturhus skal også vurderast som en del av planarbeidet.

Meir informasjon er å finne på Multiconsult sine heimesider. Søk på «Langelandskogen».

Link: <https://www.multiconsult.no/>

### Områdeplan for Dalstø-Mjåtvæitstø

Varsel om oppstart av planarbeid var i oktober, med merknadsfrist i desember 2017. Planarbeidet vert utført som eit offentleg-privat samarbeid mellom Meland kommune og Furefjellet AS. Ard arealplan as er plankonsulent. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ein variert busetnad med tilhøyrande infrastruktur, samt å etablere barnehage (gards- og friluftsbarnehage) og vurdere skuleføremål innanfor område. Det vert lagt opp til tilkomst både frå Dalstø og Mjåtvæit. Områdereguleringsplanen vil legge rammer for gjennomføring av tiltaka. I arbeidet med planen legg ein opp til at delar av området kan detaljerast slik at ein kan gå rett på rammesøknad etter vedtak. Planarbeidet er vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Meir informasjon er å finne på Ard arealplan sine heimesider. Søk på «Dalstø».

Link: <http://www.ardarealplan.no/>



Bergen, 13.04.2018

## SAMTYKKESKJEMA:

## BARNETRÅKK PÅ SAGSTAD SKULE VÅREN 2018

Elevens namn: \_\_\_\_\_

Eg samtykker til at mitt barn kan delta på registrering av «barnetråkk» som skildra i vedlagt skriv.

Kryss ut:

- JA  
 NEI

---

*Føresett sin signatur*

---

*Sted, dato*